

Årsmelding Fotball 2024



Styrerapport

Styret har hatt 8 fysiske og teams møter, samt handsama 61 saker. I tillegg kjem arbeidsmøter mot cup, turneringar og aktivitetsmøter mot alle lag, trenarmøte, avklaring/evalueringsmøte.

Årsmeldinga for 2024 tar utgangspunkt i årsmeldingane som er utarbeida av trenarane, fairplayansvarleg m.m.

Styret 2024

- Leiar Silje Knapstad
- Nestleiar Ole Jacob Endestad
- Styremedlem Marius Kjellevold
- Styremedlem Erling Austreim
- Styremedlem Silje Værn
- Styremedlem Birgitte Steinset
- Styremedlem Odd Magne Øren

Aktivitet

Fotballgruppa har hatt god aktivitet i året som er gått med lag i nesten alle aldersklassar. Vi har i år hatt totalt 7 lag, der vi har hatt ca 80 aktive spelarar mellom 5 og 35 år.

For at vi skal kunne klare å ha lag i alle klassar må ein søke om dispensasjon, hospitere og samarbeide med andre lag i nærleiken. I nokre årsklassar er vi sårbare med å ha nok spelarar med tanke på lagspåmelding. Det blir jobba bra i aldersbestemte klassar, både på jentesida og guttesida.

I 2024 har fotballgruppa blitt trafikksikkerklubb som er ein del av kvalitetsklubbkonseptet til NFF. Vi har utarbeida retningslinjer som ein skal følge ved kjøring til trening, kamp ect. Vi har i samarbeid med hovedlaget utarbeida ein beredskapsplan slik at vi har gode rutiner når uhell skulle skje.



A-lag – 5.div – 11ar

Trenar: Håvard Mjølkeråen

Fotballsesongen 2024 er historie. Vi starta opp tidleg i januar og det starta bra med godt oppmøte på treningane og god stemning. I treningskampane hadde vi tøff motstand og til tider for lite folk med. I Eikefjord Cup enda vi i finalen mot Førde. Vi spelte ein strålande finale, men enda opp med å tape etter straffesparkkonkurranse(3-3 etter full tid.) Før vårsesongen starta var ambisjonane om å holde seg på øvre halvdel av tabellen. Dessverre måtte vi vente til siste kamp i vårsesongen før vi fekk vårt første poeng, 0-0 borte mot Syril. Stang ut, skader på sentrale spelarar og udyktighet får ta ein del av skylda. Haustsesongen leverte vi veldig bra og enda opp med kun to knappe tap borte mot nummer 1 og nummer 2 på tabellen. Vi enda opp sist på tabellen, men håper å kunne bygge vidare på den gode haustsesongen! Sjølv om vi ikkje oppnådde dei resultatane vi ynskja oss, så har det vore eit godt humør på treningane- verdens beste spelargruppe! Takk til alle som stilte opp og støtta oss!

Tabellen etter sesongslutt:

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	Kaupanger	14	6	1	0	33 - 5	6	1	0	33 - 9	12	2	0	66 - 14	52	38
2	Årdal 2/Jotun	14	4	0	3	15 - 14	4	2	1	19 - 15	8	2	4	34 - 29	5	26
3	Bremanger	14	5	1	1	30 - 16	3	0	4	16 - 19	8	1	5	46 - 35	11	25
4	Hafslø/Bjørn/Fanaråk 1	14	4	0	3	19 - 13	1	2	4	10 - 16	5	2	7	29 - 29	0	17
5	Syril	14	3	2	2	23 - 18	2	0	5	14 - 31	5	2	7	37 - 49	-12	17
6	Florø 2	14	3	2	2	13 - 17	1	0	6	11 - 40	4	2	8	24 - 57	-33	14
7	Førde 3	14	2	1	4	18 - 22	2	0	5	13 - 21	4	1	9	31 - 43	-12	13
8	Eikefjord	14	2	1	4	17 - 19	0	3	4	8 - 17	2	4	8	25 - 36	-11	10

Jente 15/17 – 9ar

Trenarar: Julie Humlestøl-Titlestad, Henning Titlestad, Frode Hauge.

Spelarar: Aveline Standal Hauge, Alice Eikefjord, Rikke Fraas Øren, Fride Ellingsund Øyra, Malene Steindal Sandvik, Herborg Humlestøl-Titlestad, Emilie Fanevik Hopen, Hedda Hallstensen, Helene Angelica Håøy, Ingeborg Humlestøl-Titlestad, Linnea Marie Sæterlid, Mathilde Svardal, Tuva Osland, Frida Fraas Øren.

Då vi var få spelarar i 09/10 gjengen og 07/08 laget ikkje skulle stille i serien, samla vi desse til eit J15-16 lag. Dei leverte en imponerende og strålande vårsesong med 2.plass i pulja si. God fairplay-ånd i alle kamper. Etter vårsesongen måtte vi innsjå at det ville bli vanskelig å stille lag til haustsesongen, då vgs stod for tur for 2008 sin del.

Laget hadde 1-2 trening i veka.

Eil J15-16 møtte: Eid2, Svelgen/Florø2, Måløy2, Loen2, Sandane2 og Stryn.

Laget har ei engasjert foreldregruppe som støtter og stiller opp.

Gutt 11 – 7 ar

Trenarar: Marius Kjellevold og Steffen Svarthumle

Lagleiar: Linn Therese Svarthumle



Spelarar: Adrian Aarseth Kjellevold, Arian Volle , Aron Sommerstad Eikevik, Emil Alexander Sæterlid, Fredrik Fraas Øren, Gard Sjørdal Kårstad, Lucas Andre Sunnarvik, Magnus Svardal, Renat Ogarkov, Vetle Grønsberg, Wilhelm Svortevik Nilsen.

Nytt av året var å gå frå 7-ar til 9-ar fotball. Bana vart litt større, og laget «vaks». Ein fekk element som offside å forholde seg til. Ein tok steget litt nærare det ferdige spelet. Dette syns spelarane var stas, og dei tok utfordringa på strak arm.

Vi har hatt to økter gjennom året i tillegg til seriekampane. Det har vore bra jamnt oppmøte på trening og kamp.



Årets store begivenhet, og første turnering over fleire dagar med overnatting for laget. Laget var innlosjert på «Vite meir senteret» i Kaupanger. Eit flott nytt bygg, med gode fasilitetar.

Dag	Dato	Tid	League	Hometeam	Resultat	Awayteam	Venue
Lørdag	2024-06-22	15:30	Gutter født 2012, 9ar G	Sogndal 1	2 - 0	Eikefjord IL	Hovedarena H3
Søndag	2024-06-23	08:00	Gutter født 2012, 9ar G	Baune, SK - Sort	0 - 6	Eikefjord IL	Hovedarena FC1
Søndag	2024-06-23	16:20	Gutter født 2012, 9ar G	Eikefjord IL	1 - 10	Søreide Hvit	Hovedarena FC1
Mandag	2024-06-24	10:30	Gutter født 2012, 9ar G	Eikefjord IL	1 - 2	RAVN_NORBORG	Hovedarena K1
Mandag	2024-06-24	13:00	Gutter født 2012, 9ar G	Høyang, IL	5 - 0	Eikefjord IL	Hovedarena K3

Vi fekk spelt 5 kampar i Lerumcup. Der møtte vi gode lag, og det var ekstra stas å få spele mot lag vi aldri før har møtt.

Lerumcup helga var ein flott opplevelse for gutane. Både sosialt og sportsleg. Laget hadde med seg Florøspelar, Mathias Norum på hospitering under cupen.

I tillegg til all moroa på fotballbana fekk dei mykje tid i lag utafor bana. Eit av høgdepunkta var å sjå Sogndal – Kongsvinger på Fosshaugane med fullsatte tribuner.



Runde	Dato	Dag	Tid	Hjemmelag	Resultat	Bortelag	
1	18.04.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	4	3	Florø 1
3	02.05.2024	torsdag	18.00	Gaular 2	1	4	Eikefjord G12
4	16.05.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	7	3	Dale 7ar
5	23.05.2024	torsdag	18.00	Askvoll/Holmedal 7ar	4	2	Eikefjord G12
6	30.05.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	2	6	Dale 9ar
7	06.06.2024	torsdag	17.30	Førde G12 FBS			Eikefjord G12
7	13.06.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	8	1	Florø 1
7	20.06.2024	torsdag	18.00	Florø 1	0	3	Eikefjord G12
1	22.08.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	3	1	Høyang
2	29.08.2024	torsdag	18.00	Gaular 1	6	2	Eikefjord G12
3	05.09.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	3	11	Førde G12 Slåtten
5	19.09.2024	torsdag	18.00	Dale 9ar	6	3	Eikefjord G12
6	26.09.2024	torsdag	18.00	Eikefjord G12	4	5	Askvoll/Holmedal 7ar
7	03.10.2024	torsdag	18.00	Jølster 1			Eikefjord G12

Ein sterk vår med mykje gode resultat. På hausten vart serien delt opp etter resultatata frå våren. Hausten vart utfordrande, men også her spelte vi mange gode og jamne kampar.

Laget deltok på futsalturneringar i Askvoll (14 januar) og heime i Eikefjord (3 november).

Jente 10 – 7ar

Trenarar: Rune Rajendram og Ole Jacob Endestad



Spelalarar:

J2013 - Adelén, Laura, Kikki, Nora, Ida, Synne (ikke til stede på bildet)

J2014 – Sanna, Anna.

Eikefjord J 2013/14 har i fotballåret 2024 bestått av åtte jenter. Oppmøtet på trening og kamp har vært meget bra, og kamptroppen har i hovedsak sett slik ut:

Sanna, målvakt. Adelén, høyre bakspiller. Nora, sentral midtbane. Ida, venstre bakspiller. Anna/Synne, høyre kant. Laura, spiss. Kikki, venstre kant.

Terminlisten la opp til trippel serie, med 15 kamper - 7 på våren og 8 på høsten. I løpet av året skulle vi opp mot Førde, Dale, Tambarskjelvar, Gaular og Askvoll/Holmedal. Første seriekamp var hjemme mot Førde, 29. april. Fjorårets ettmålstap skulle revansjeres. Jentene var giret, men de første 30 minuttene gikk ikke helt etter planen. Pauseresultat: 1-6 og dårlig stemning. Men jentene bestemte seg for å «vinne» andreomgangen – og det gjorde de i den grad at sluttresultatet ble 9-9. Det følte som en seier, stemningen var snudd, og derfra så de seg ikke tilbake. I løpet av sesongen viste jentene hva som bor i dem. Elleve seire, tre uavgjorte og et knepent ettmålstap. Innsats, samhold og spilleglede har alltid vært en god oppskrift.

Gutt 9 og 10 – 7ar serie og 5ar serie

Trenarar: Øystein Endestad, Tor Anders Grønsberg, Kari Mydland

Spelalarar: Julian Endestad, Roar Kalland, Viljar Grønsberg, Benjamin Tea, Elias Knapstad Nødset, Franciszek Ptaszek, Hille Sørbo Hallstensen, Johannes Humlestøl-Titlestad, Jorunn Barlund Aarøy, Krystian Toporski, Melina Tisthamar.

Sesong 2024

G9 deltok på alle kongleriket og veslefrikk. G10 deltok på veslefrikk i mars.

G10 deltok på futsalturnering i november.

Vårsesong G10 seriespill 7 kamper

Høstsesong G9 4 kamper

Høstsesong G10 7 kamper

Høstsesong vart G9 oppretta og eget G10 lag seriespill

Seriespill, 7-ar fotball

For å komplettere G10 laget blei det beslutta å bruke disp spillere fra G12, dette for å styrke samhold samt gjø G10 en glede over mestring i forhold til dei store tapene på vårsesongen. Det å bruke disp spillere har fått laget til å fungere bedre på spill og oppbygging samt at G10 gutta ser på G12 som forbilder.

G9 spillere som har vore litt lenger fram i skoa har hospitert i tillegg for at det skal være mulig å stille G10.

Og G9 gutta har hospitert opp til G10 laget

G9 var ei blanding av jenter og gutter fra alderen 8-9 år.

Gutt/jente 6-8 – 3ar – Kongleriket/turnering

Trenarar: Marius Kjellevoid og Erling Austreim



Spelarar: Adele Sofie Solheim Buarøy, Albert Værn Langedal, Amalie Apalseth Kalland, Eirik Austreim, Iver Holsen, Jan Kolecki, Kazimierz Ptaszek, Kristian Aarseth Kjellevoid, Kristian Olai Jonsson Tyvold, Leo Øren, Marcus Knapstad, Olai Karipi Helgås, Othilie Jansen Grytten, Per Sørstrand Aarseth, Sienna Hasti Bereksten, Vilje Sørdal Kårstad.

Sesongen 2024

Vi starta treningane 8. januar, og har hatt ei trening i veka (inne i fleirbrukshallen januar-mars, og ute på kunstgraset frå april). Treningane har hatt fokus på lek med ball og ein-mot-ein ferdigheit, og mykje spel og fotballglede.

Gruppa deltok på Veslefrikk cup i Florø i mars, og Kongleriket turneringar i Eikefjord, Florø, Jølster (Skeihallen) og Førde. Spesielt gledeleg var det at vi klarte å stille egne jentelag både i 2017 og 2018 i siste Kongleriket turneringa i Førde.

Frå midten av oktober starta vi opp med to treningar i veka (ei økt inne i fleirbrukshallen og ei økt ute på kunstgraset), og kor det blei gjort nokre justeringar på treningsgruppa (jenter fødd 2017/18 fekk moglegheit til å trene med gitar og jenter fødd 2019).

Spelarane har vist ein framifrå innsats, og vi ser fram til nytt år med meir fotballglede i 2025!





Sportsleg

Håvard Mjølkeråen ble engasjert som A-lagstrener før 2024 sesongen, og har vist stort engasjement i jobben. A-laget endte på 8. og siste plass i 5. divisjon i 2024, men beholdt plassen ettersom kretsen ønsker å ha 10 lag i 5. divisjon for 2025.

I aldersbestemt blir det jobba godt, kor det blir rekruttert nye fotballspelarar og laga både på jente- og gutesida har hatt ei god utvikling. Uheldigvis har vi fråfall i ungdomsfotballen, og har problem med å stille lag på eiga hand frå 13-års alderen.

Vi har hatt ein gut med på sonelag og kretslag, og to jenter med på sonelag og kretslag (men som frå hausten 2024 har meldt overgang til Førde.)

Viktige fokusområde framover er at det ikkje berre er enkeltspelelarar som kjem fram men og kollektivt som lag. Vi ser også at samarbeid med andre klubbar bør vurderast for å kunne oppretthalde eit attraktivt sportsleg tilbod til flest mogleg.

Anlegg

På Eikefjord idrettspark har vi endeleg fått på plass nye banelys. Arbeidet med å få på plass ein ny kiosk går litt trått. Håpet er at vi i løpet av 2025/2026 har på plass ein ny kiosk med hjelp frå hovedlaget. Med ny kiosk på plass vil vi ha ein komplett idrettsanlegg med gode fasilitetar.

Vi har også i år takka vår faste og trofaste banemester Even Hamn. Vi takkar Even for det gode arbeidet han har lagt ned for fotballen i alle år.



Arrangement

Kiosken har vært open 1-3 dagar i veka gjennom sesongen. Kampvertar og kioskvakter sørger for at kampane blir arrangert i tråd med NFFsine retningslinjer. Frukt og grønt blir servert til laga i/ etter kamp. Blir søkt om refusjon til Bama ved innkjøp for 60% refusjon som er ei god ordning.

Domarmangelen i fylket gjer det ikkje lett å arrangere turneringar. Vi har god dialog med kretsen og cupen er blitt brukt som ei fin oppkjøringsøkt for unge dommarar til sesongen.

Eikefjord Cup

Eikefjord cup vart arrangert 23-24.03.

Følgane lag var med: Eikefjord, Florø 3, Gaular, Bremanger, Tempo og Førde 3.

1.plass: Førde 3

2.plass: Eikefjord

3.plass: Bremanger

Årets vårteikn og oppkjøring til sesongen. Gode tilbakemeldingar frå dommarar, spelarar og publikum. Årets Eikefjord cup vart ekstra spennande då våre seniorar var i finalen mot Førde 3 som enda i straffekonkurranse der Førde 3 blei vinnaren av turneringa.



Futsal turneringar

I 2024 arrangerte vi 1 futsalturnering. Denne blei avholdt i november i fleirbrukshallen. Kjekt å sjå at fotballgruppa klarar å få til slike turneringar. Vi har god dialog med skulen med lån av amfiet og kiosk der. Det lettar også gjennomtrekk via hall at ein kan bruke garderobe inngang via skulen.

Kongleriketturnering

I Mai fekk vi arrangere kongleriketturnering. Vi hadde værgudane på vår side og fotballgleden var på plass hos store og små. Vi hadde 108 lag påmeldte.



Tine Fotballskule

Ikkje arrangert i 2024 pga. utfordringar med kapasitet og for få spelarar i rette årsklasse.

Fair Play

Fotball er med på å bidra til mange opplevelser og erfaringer, får vere sosial, oppleve støtte av kvarandre, heie kvarandre fram, motivere, kjenne på seier og tap, mestring men kanskje viktigst av alt å ha ein plass der ein er del av eit felleskap.

Både på og utanfor bana viser spelarar, trenarar, dommarar, foreldre og andre med rolle i fotballen god sportsånd. Saman lærer ein fairplay og minner kvarandre på kva ein forventar av kvarandre, ein viser kvarandre respekt ved måten ein kommuniserer på sjølv om ein kan være ueinige. Alle er like verdifulle.

I Fairplay kontrakta og i samtalen under Fairplay møtet underteiknar spelarar og trenarar på fleire punkt som gjer at forventningane er tydlege og retningsgjevande for kvardagen.

Kongleriketturneringa som vart arrangert i Eikefjord i år hadde Fairplay, glede og inkludering som tema, der ein hadde fokus på Fairplay – helsing før og etter kamp, hadde intervju med noken barn der vi fekk gode råd for korleis vi kan ha det fint saman. Ein fin dag med masse glede.

Årets Fair Play i barne – og ungdomsfotballen vart kåra og spelarane sjølv stemte fram den dei meinte fortjente prisen.

Følgande spelarar fekk prisen for sesongen 2024:

G12: Fredrik Fraas Øren

J11: Nora Steinhovden

Trenarutvikling

Marius Kjellevold og Håvard Mjølkeråen har i 2024 tatt utdanning om UEFA B trenarar



Spelarutvikling

Landslagsskolen: Fredrik Fraas Øren vart i 2024 teken ut på sonelaget til Sunnfjord, og på kretslandet frå desember 2024. Ønskjer Fredrik lykke til vidare på landslagsskule-løpet i 2025.

Sonelaguttak: Herborg Titlestad og Rikke Fraas Øren

Kretsland: Rikke Fraas Øren og Fredrik Fraas Øren

Team Sogn og Fjordane: Rikke Fraas Øren

Dommarar

Ingen dommar, betyr ingen kamp. Og det betyr at klubben må ta grep for å få fram dommera. I år har det gått greit med tanke på dommera i aldersfastlagde klassar. Og i forhold til dei som tok rekrutterings – og kubbdommarkurs blir det ikkje mange kampar på kvar. Skal ein lage eit dommarmiljø må det jobbast med kampar mot naboklubbar. Då vi i år heller ikkje har hatt dommera som er registret som dommar i krets har klubben fått bot på 6000,- som går inn til krets og premierar dei klubbane som gjer det bra.

Vidare skal vi planlegge å legge meir til rette for å fram dommera i klubben fremover. Styret jobbar opp mot krets på tiltak for å klare dette.

Men klubbdommarkurs vart gjennomført 08 April på skulen. Kursveileidar var Vegard Mathisen- Yndestad.

Kongleriket 5 Mai der deltok heile 14 stk. Fordelt på 7 jenter og 7 gutar som er veldig bra.

Desse var klubbdommarar: Aron Eikevik, Arian Volle, Linnea, Marie Sæterlid, Emilie Hopen, Rikke Frass Øren, Frida Fraas Øren, Tuva Osland, Magnus Ullaland Endestad, Emil Alexander Sæterlid, Håkon Myrvollen, Vetle Svarthumle Grønsberg, Hedda Kristin Austreim og Håvard Austreim

28 seriekampar i aldersfastlagd fordelt på G9, G10, G12, J11 og J15-17.

Futsal 03 November der William Kjellevold og Magnus Endestad frå Eikefjord deltok.

Rekrutteringsdommarkurs i Førde 8-9 Mars deltok Magnus Ullaland Endestad, og Inge Seglem frå krinsen var kursveileidar.

Vidara har Magnus Ullaland Endestad debutert som dommar i krinsen og gjennomført 9 kampar. Har vert assistentdommar (AD) i 4 kamper i 3 div. kvinner og 1 kamp som AD i 5. div. Herrar. Og har vert hovuddommar (HD) i 4 kampar i 3 div. Kvinner.

Klubbhuset

Blir brukt til samlingar med lag og møte, samt nokre bursdagar. Ynskjer å investere i eit smartboard eller liknande samt få innlagt fiber.

Økonomi

Viser til budsjettet for idrettslaget.

Generelt er vi innfor budsjett.

Varekostnadar er litt høgre enn antatt men opp mot kiosksal så blir det isolert sett eit positivt utfall. Tine fotballskule var planlagt men ikkje gjennomført grunna pågangen av andre klubbar i landet var høg og vart då ikkje trekt ut som arrangør. Innkjøpa av mål og kurskostnadar er blitt utført etter budsjett. Brukt mindre enn budsjettet på klær og overtrekksdrakter grunna vi har nytta drakter som vi allereie har. Men no er det nye sponsorar på plass og vi køyrer gjerne med 3-4 ulike drakter på 1 lag og det lyt vi nok justere for 2025 for vise sponsorane igjen.

NFF Sogn og Fjordane miljøhelg

Miljøhelg gjekk av stabelen november på Scandic Sunnfjord Hotell i Førde.

Der Silje Knapstad, Marius Kjellevold, Silje Værn, Ole Jacob Endestad og Birgitte Steinset deltok.

Marius Kjellevold og Erling Austreim fekk blådiplom dette året.

Ei kjekk fotballhelg for drøfting av innmeldte saker, engasjement, heider og ære. Kjekk samlingsplass for klubben og for å møte andre engasjerte fotballfolk.



Kommunikasjon

Vi nyttar fortsatt Spond som kommunikasjonsplattform mellom klubb og spelarar/foreldre.

Vi har dette året jobba aktiv med å bli betre på kommunisere ut via Facebook til dei som ikkje er ein del av Spond.

Kvalitetsklubb

Kvalitetsklubbsamlinga var i år lagt til Balestrand. Sportsleg leing var året tema og fotballeiar 2 kurs var ein del av samlinga.

Frå styret deltok: Silje Knapstad, Ole Jacob Endestad, Silje Værn og Birgitte Steinset.



Vi er no i ein prosess der vi skal resertifiserast som kvalitetsklubb.

Årsfest senior 5 div lag

Vart arrangert i november. Spelarane hadde sjølv satt sammen ein komite. Ein kjekk og sosial kveld og utdeling av premiar.

Årets toppskorar: Emil Hallstensen (6mål)

Spelarens spelar: Joakim Larsen

Årets spelar: Jakob Guddal Hansen

Årets Fair Play-spelar: Joakim Larsen

200 kampar : Erling Austreim

Årsfest aldersfastlagd

Første året med felles årsfest for alle aldersbestemte lag i Eikefjord idrettslag. Nytt for året var også 1 felles premie for alle aktive ungar i Eikefjord idrettslag. Utdeling av fairplay prisar i barnefotballen og oppmerksomhet til trenarane.

Framtid

Vi er uroa for framtida til fotballen og idretten generelt. Antall barnekull i bygda er ikkje store nok til at vi kan drive reine Eikefjord lag. Vi ser at vi sportsleg må jobbe mot fleire samarbeidslag skal vi klare å holde aktiviteten i gang. Vi har eit stort ønske om flest mogleg, lengst mogleg og vi vil strekke oss langt for at vi skal få dette til.

Til slutt

Eikefjord Fotball takkar styret, trenarar, dommarar og alle frivillige for eit gjevande og innhaldsrikt år.

Styret Eikefjord IL - Fotball